



Saksframlegg

Søknad om tilskot frå Næringsfondet - Åsberg Gard AS

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		05.03.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Åsberg Gard AS
Forretningsplan Åsberg tunet av desember 2020

Vedlegg

Bakgrunn for saka:

Anette Halvorsen eig og driv Åsberg Gard AS, registrert i einingsregisteret 16.07.2010 med org.nr. 995 722 933. Det er lagt ned betydeleg kapital og eigeninnsats i Åsberg Gard AS så langt, og no er ein i ferd med å reise eit nytt bygg med kjøkken, kjølerom og toalett i fyrste etasje, samt eit serveringslokale på 72m² i andre etasje. Bygget ynskjer Halvorsen å nytte til store samlingar som t.d. bryllaup, konfirmasjonar, konsertar og andre kulturelle samankomstar.

Bygget er kostnadsrekna til 2 640 000,- + mva, og Halvorsen søker no Fyresdal kommune om kr. 300 000,- til investeringar som skal gjerast i samband med utvidinga.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling ved å legge til rette for berekraftige og grøne arbeidsplassar, samt vidareutvikle kommunen som turistdestinasjon ved å stimulere til utvikling av overnattingskapasitet og tilbod, stimulere til utvikling av lokalmatkonseptet, og til slutt stimulere til utvikling av eksisterande destinasjonar.

Anette Halvorsen har bygd opp Åsberg Gard AS til å bli ein flott serverings- og overnattingsstad, med atmosfære og mat av høg kvalitet. Oppbygginga har skjedd gradvis, og tok for alvor til i 2020. Tunet består i dag av tre bygningar i tillegg til dei opprinelege gardsbygningane; «Åsbergstoga», som er eit tømmerhus til servering, gardsbutikk og selskapslokale, eit tømmerhus til overnatting, samt eit bakstehus til matlaging. I tillegg ligg det eit lite ysteri i underetasjen i hovudbygningen på garden. Heile prosjektet har arbeidstittel «Åsberg tunet», medan det formelle bedriftsnamnet er Åsberg Gard AS.

Oppstarten av satsinga til Anette Halvorsen kom under tida med omstillingsprogrammet, og for å kome riktig i gang frå starten, fekk Halvorsen i 2020 kr. 25 000,- til bedriftsrådgjeving, og kr. 32 463,- til kompetanseheving, bae delar frå Omstilling Fyresdal. I 2023 fekk Åsberg Gard AS

kr. 80 000,- til marknadsføring/ny nettside av Omstilling Fyresdal, for å synleggjere seg i ein tøff marknad.

I samband med bedriftsrådgevinga vart det laga ein forretningsplan for «Åsbergstunet», som danna grunnlag for ein søknad til Innovasjon Norge og Fyresdal kommune. Med bakgrunn i ei budsjetttert investering i fyrste byggetrinn på kr. 2 430 000,- fekk Åsberg Gard AS kr. 245 000,- i investeringsstøtte frå Fyresdal kommune, samt kr. 430 000,- i investeringsstøtte frå Innovasjon Norge.

Fasilitetar som eit kjøkken, kjølerom og toalett er lite tilfredsstillande i dag, dette skal inn i eit nytt bygg som er i ferd med å bli reist i tunet. Bygget har fått arbeidstittel «Åsbergloftet». Også dette bygget er ei eldre tømre/laftekasse kjøpt inn til føremålet, med ei omramming i stavlaft, ført opp i byggestil som passar godt inn i miljøet.

Olav B. Haug står for reising av bygget, han er også den som har estimert kostnadane i prosjektet. Bygget er kostnadsrekna til 2 640 000,- + mva, ferdig oppsett med VVS og elektrisk installasjon. Halvorsen søker om 300 000,- i stønad, dette utgjer 11,4% av budsjett.

Det er ikkje lagt ved noko skildring av bygget/prosjektet utover det som er ført i søknaden, og tilbodet frå Olav B. Haug. Ein har difor i saka vald å sjå litt til forretningsplanen for Åsbergstunet av des. 2020, då denne skildrar prosjektet «Åsbergstunet» på ein god måte. Frå forretningsplanen kan ein lese;

«Åsbergstunet skal være en attraksjon i Fyresdals vakre natur. Stedet skal kunne tilby alle type mennesker en spesiell og spennende tradisjonsmatopplevelse. Stedet vil være et unikt tun som står for varme, ro og trivsel. Oppholdet skal gi gjestene noe varig og gi dem uforglemmelige opplevelser som de vil lengte tilbake til. Åsbergstunet skal stå for skjønnhet, naturlighet, raushet og enkelhet. Det skal være et sted som får en status som en «spesiell attraksjon». Maten sammen med atmosfæren og gjestfriheten skal være en opplevelse. Alle som kommer inn på tunet skal føle seg spesielt velkommen og betydningsfulle og de skal føle seg hjemme. Åsbergstunet skal være et sted bygda kan være stolt av».

Verden er i endring og pregast av befolkningsvekst og urbanisering. Tross ein opplevd pandemi, krig og uroligheitar i verden, er det jamt over økonomisk vekst. Befolkninga i Norge vert eldre og vi ser at fleire enn før ynskjer å reise i eige land, oppleve og være aktive. Klimaendringar gjer oss meir miljøbevisste. Saman med at vi i dei kommande åra mest sannsynleg vil feriere og oppleve meir her heime, vil nok også trenden med aktive feriar framleis være i vekst. Opplevingar gjev status, og sosiale media er med på å forsterke dette. Innovasjon Norge syner i fleire samanhengar til at det er auka etterspurnad etter lokal mat og drikke, og dei reisande vil i større grad enn før lære om den lokale historia, kulturen og tradisjonar knytt til staden.

NHO Reiselivs medlemsundersøking av februar 2025 syner at fleirtalet av medlemsbedriftene er tilfredse med marknadssituasjonen og ser optimistisk på neste halvår. 1 av 2 reiselivsbedrifter forventar at marknadssituasjonen vil bli uendra dei neste seks månadane, medan 30% av bedriftene melder at dei forventar ei betring i marknadssituasjonen i 2025, ein oppgang på 10% frå same tid i fjor. Optimismen er størst innan opplevingar og kultur, kjernen av det Åsbergstunet ynskjer å formidle.

Fyresdal har generelt svært liten overnattingskapasitet, og tilgang på gode serveringsstader har vore mangelfullt. Dette har ein særleg sett etter opninga av Tretoppvegen i 2023, med ca 60 000 besøkjande årleg. Ein stor del av desse er dagsturistar, ein type turisme som legg att lite pengar i lokalsamfunnet. Gjennom ei satsing som på Åsberg Gard kan ein gje tilreisande ei kulinarisk reise i historie, eit godt måltid, og ei overnatting i flotte omgjevningar. Slik kan ein halde på dei tilreisande eit døgn eller to ekstra, dei nyttar gjerne andre tilbod i Fyresdal, og på denne måten kan ein spele kvarandre gode, og fleir tener pengar på satsingane som gjerast. I prosjektplanen er det sett eit mål om å kunne tilby overnatting for inntil 25 gjester, med den kapasiteten kan dei også ta i mot grupper som ynskjer overnatting på Åsberg.

Halvorsen nemner og i søknaden at omfanget av arbeidsoppgåver knytt til gardutsal, utsal av bakevarer, matlaging, servering, reinhald m.m., vil skape eit behov for sesongbasert arbeidshjelp, gjerne i form av skuleungdom.

Satsinga Halvorsen gjer for å vidareutvikle Åsberg Gard AS fell godt inn i satsinga kommunen gjer gjennom «Turist 2025 – Tiltaksplan» vedteken av kommunestyret 13.02.2025. Åsberg Gard AS kan her dra nytte av delprosjekt 1, med felles marknadsføring av produkt dei har å tilby, mellom ana gjennom landingssida «Visit Fyresdal». Delprosjekt 2 «Berekraftig besøksforvaltning, servering, overnatting og vertskap» er sentralt for vidareutvikling av «Åsbergtunet», med eit fokus på å auke kapasitet for både overnattingar, servering og lokale opplevingar.

Konklusjon:

Anette Halvorsen har investert betydeleg tid og kapital i «Åsbergtunet», både i fyrste-, og no i andre byggetrinn. Satsinga er heilt i trå med strategiar i kommuneplanens samfunnsdel, den fell godt inn i Reiselivsstrategien for Vest-Telemark 2023-2033, og vil lyfte staden, og Fyresdal, i tilbodet av servering, kultur og overnatting. Kostnadane i prosjektet er høge, samstundes som bygget innehar kostnadsdrivande rom som kjøkken, kjøle og sanitæranlegg. Med bakgrunn i ei etterlengta satsing innan overnatting og servering, er det fornuftig å stø opp om investeringane med eit tilskot frå Fyresdal kommune. Ein rår til å stø satsinga med 10% av dokumenterte kostnadar til oppføring av «Åsbergloftet», dette utgjør kr. 264 000,-. Føresetnadar for tilskotet er at ein framleis fyljer forretningsplanen frå 2020, med særleg fokus på visjon, målsettingar og produkt for Åsberg Gard AS.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver kr 264 000,- i investeringstilskot til Åsberg Gard AS, org.nr. 995 722 933, til dokumenterte utgifter i samband med bygging av «Åsbergloftet». Tilskotet føreset utbygging i samsvar med søknad, og at forretningsidé og produkt frå forretningsplanen er gjeldande. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef